

## Orientering til deg som søker om parkeringsløyve for forflyttingshemma

Samferdselsdepartementet har fastsett særskild forskrift om parkering for forflyttingshemma, Sjå vedlegg til søknadsskjemaet

### Vi oppmodar deg om å lesa denne orienteringa - med utfyllande rettleiing - før du fyller ut søknaden

Forskrift for parkering for forflyttingshemma gjeld i heile landet og det tilseier at reglane må fortolkast likt og praktiseringa vera i samsvar med forarbeid og retningslinjer. I samband med ny parkeringsforskrift fastsett med verknad frå 01.01.2017 har lovgjevar presisert at det ikkje skal vera lettare å få parkeringsløyve i randkommunar, som Fusa kommune, enn i tettstadar og bykommunar: Randkommunane har i liten grad parkeringsutfordringar, som gir grunn til å vera restriktiv i tildelinga. Samtidig opplever bykommunar at innehavarar av parkeringsløyve fra randkommunar i stor grad nyttar parkeringstilbodet i bykommunen. Det gjev bykommunen særlege utfordringar i å sikra brukerne reell tilgjenge til parkeringstilbodet. Lovgjevar har derfor iverkset følgjande tiltak for å sikra lik tildelingspraksis og at det ikkje skal vera lettare å få parkeringsløyve i randkommunar: Frå 01.01.2017 gjeld følgjande sakshandsamingsregel – i parkeringsforskrifta § 3 siste ledd heiter det: «Parkeringsbehov etter første ledd i annen kommune enn bostedskommunen kan bare vektlegges der det er innhentet uttalelse fra denne kommunen.»

### Parkeringsløyvet er meint som eit hjelpemiddel for personar som på grunn av vesentleg nedsett forflyttingsevne, har eit særleg behov for parkeringslette på ein eller fleire konkrete stadar.

For at du skal få parkeringsløyve er det ikkje tilstrekkeleg å påvisa ein sjukdomstilstand som avgrensar rørsleevna. Det er også eit krav at det ordinære parkeringstilbodet ikkje er tilstrekkeleg for å dekkja dine behov. Problem med å bera vert i liten grad lagt vekt på.

Parkeringsløyvet er ikkje meint som ei økonomisk støtteordning.

### Kven kan søkja? Jf. Forskrifta:

#### 3.Vilkår for parkeringstillatelse

Bostedskommunen gir etter søknad parkeringstillatelse for forflyttingshemmede til:

- a) fører av motorvogn som har særlig behov for parkeringslettelse i samband med bosted, arbeid og/eller annen aktivitet fordi vedkommende ikke kan gå eller har store vansker med å bevege seg over noen lengde,
- b) passasjer som regelmessig trenger hjelp av fører utenfor motorvognen og som har særlig behov for parkeringslettelse i samband med bosted, arbeid og/eller annen aktivitet fordi vedkommende ikke kan gå eller har store vansker med å bevege seg over noen lengde.

### Legeerklæring

Legeerklæringa skal vera fylt ut med opplysningar om din medisinske situasjon, diagnose, kor mange meter du er i stand til å gå utan og med hjelpemiddel og om du brukar krykkjer, stokk, rullator eller rullestol.

Legerklæringa utgjer det medisinske grunnlaget for vurderinga. Kommunen kan be om utfyllande informasjon frå legen din. Kommunen kan også innhenta annan supplerande medisinsk vurdering.

### Informasjon om tildeling, kven som skal prioriterast og kva som vert vektlagt:

Parkering for forflyttingshemma er eit knapphetsgode. Søklarar med begrensa gangevne og eit reelt parkeringsproblem i samband med bustad, arbeid og behandling vert prioritert ved tildeling av parkeringsløyve. Vurderinga vert gjort på bakgrunn av dei medisinske opplysningane frå legen og parkeringsbehovet søklarar sjølv opplyser om. Søklarar som har rullestolheis eller rampe i bilen skal prioriterast. Parkeringsløyve vert ikkje tildelt søklarar som kun enkelte gonger har behov for parkeringslette, dei som primært har behov i samband med handling og sosiale aktiviteter, dei som i hovudsak kan nytta ordinære parkeringsplasser eller dei som har andre alternative løysingar.

Det skal meir til for at det vert gitt parkeringsløyve til ein passasjer enn til sjåføren av ein bil. Lovgjevar har på nytt presisert at behovet til passasjeren i stor grad kan ivaretaast gjennom av- og påstiging på særskilt plass, eventuelt andre stadar nær tilbodet, og at førar så parkerer bilen på ordinær plass. Dersom det er naudsynt, kan passasjeren følgjast heilt inn til framkomststaden før sjåføren går ut igjen for å flytta bilen. Parkeringsløyve til søklarar som er passasjerar vert gitt i dei tilfella der vedkomande vanskeleg kan forlatast utan tilsyn, sjølv for kortare tid, t.d. dei som har sterk kognitiv svikt og andre som ikkje kan ta vare på seg sjølv.

### **Om søknaden**

Det er i sjølve søknaden du må få fram opplysningar som tilseier at du har eit særleg behov for parkeringslette. Det vil sei at du må beskriva kvifor det ordinære parkeringstilbodet på dei stadane du besøkjer ofte, ikkje kan nyttast.

I søknadsskjemaet er det teke med ulike forhold vi ønskjer svar på. Vi rår til at du fyller ut skjemaet nøye, slik at vi får eit godt bilete av dine behov og dermed ikkje treng bruka unødig tid på behandlinga av søknaden din.

Søknaden vert ikkje handsama før kommunen har fått tilstrekkeleg med informasjon.

### **Vedlegg til søknaden**

- Legeattest
- Er du ofte til behandling, opptrening eller hos lege, så legg ved dokumentasjon på dette
- Søkjer du som førar, må du leggja ved kopi av gyldig førarkort. (Kopi av begge sider av førarkortet).
- Er du fylt 75 år, må du leggja ved kopi av gyldig førarkort som er fornya av Statens Vegvesen etter at helseattest er lagt fram.
- Søkjer du som passasjer: Id-kort

**Send søknad med vedlegg til: Fusa kommune, Helse, familie og velferd, Postboks 24, 5649 Eikelandsosen**